

CES-PROSJEKTET GRIMSTADVATNET, HAREID, 2012.

Kjell Mork Soot, Stian Moldskred og Bjarte Røyset.

CES-prosjektet for året 2012 er i gang for femte år på rad, sjølvsagt på same stad som tidlegare og med same tall nett (19 stk 9 meters = 171 meter). Fangsten føregår på austsida av Grimstadvatnet, i bjørkeskog som tidlegare var open myr. Det er ikkje naudsynleg med meir enn ein mann for å gjennomføre fangsten, pga relativt liten fangst. Tabellen vil bli oppjustert etter kvart som periodane blir dekte. Vi vil også ta med artane vi under fangsten ser og høyrer i og omkring CES-området. For meir info , gå inn på linken *CES-prosjektet*, her på sida.

Periode, dato og klokkeslett	Fanga henholdsvis år 2008-2009-2010- 2011-2012	Fanga 2012
Periode 1: 01-10. mai (Klokka 05-11). Fangstdato 01. mai 2012.	8 - 3 - 6 -15-2	2 (1 art) : Bokfink 2.
Periode 2: 11-20. mai (Klokka 05-11). Fangstdato 12.mai 2012.	17- 15 - 2- 15-3	3 (3 artar): Raudstrupe 1, svartrast 1, lauvsongar 1.
Periode 3: 21- 31. mai (16-22) Fangstdato 27.mai.2012.	8 -7 - 2-15-3	3(2 artar): Kvitryggspett 1, svartrast 2.
Periode 4: 01-10. juni (04-10) Fangstdato 10.juni.2012.	15 -16 -18-17- 3	3 (2 artar): svartrast 2, bokfink 1.
Periode 5: 11-20. juni (03.30-09.30) Fangstdato 19. juni 2012.	11-28-15-14-11	11 (7 artar): raudstrupe 2, lauvsongar 2, kjøtmeis 2, bokfink 2, brunsisik 1, dompap 1, sivsporv 1.
Periode 6: 21-30. juni (03.30-09.30) Fangstdato 22. juni 2012.	30- 19 - 8-21-17	17 (8 artar): raudstrupe 3, svartrast 3, lauvsongar 2, granmeis 2, kjøtmeis 5, bokfink 1, brunsisik 1, sivsporv 1.
Periode 7: 01-10. juli (03.30-09.30) Fangstdato 02. juli 2012	12-21-20-33-16	16 (6 artar):raudstrupe 6, raudvengtrast 2, lauvsongar 4, bokfink 2, brunsisik 1, dompap 1.
Periode 8: 11-20. juli (03.30-09.30) Fangstdato xx.juli 2012	30-18 -18-7-	
Periode 9: 21 -31. juli (04-10) Fangstdato xx. juli 2012.	7 – 6 - 14-19-	
Periode 10: 01-10. august (04.15-10.15) Fangstdato xx. august 2012.	4 -14-10-12-	
Periode 11: 11- 20. august (04.30-10.30) Fangstdato xx. august 2012.	7- 3 - 8-7-	
Periode 12: 21- 31. august. (05-11) Fangstdato xx.august 2012.	6- 6 - 5-6-	

Tabell over fangsten.

Kommentarar:

Periode 1 - 2012 – 01.mai: Første fangstdagen opna dårleg. Berre to bokfinkar, sikkert eit par, blei fanga. Det var liten aktivitet på fuglane generelt, uvisst av kva grunn.. Dette var ikkje spesielt berre i CES-området. Fangsten var liten på ein annan fangstplass 1 km unna, og i Barstadvik 10 km unna.

Fuglar høyrte eller sett under fangsten, i eller ved CES-området:

Gråhegre, brunnakke, krikand, toppand, kvinand, siland, tjeld, vipe, storspove, hettemåse, fiskemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, raudstrupe, svarttrast, gråtrast, raudvengtrast, gransongar, lauvsongar, kjøtmeis, skjor, kråke, ramn, bokfink, grønfinnk. Totalt 26 artar registrert. 28 artar blei observert i 2011.

Som så ofte før, blei ein oter observert. Etter at oteren etablerte revir i Grimstadvatnet Naturreservat for få år sidan, er den store villminkstammen forsvunnen. Revirhevdande oter held tydelegvis området reint for den arten.

Periode 2- 2012, 12.mai: Kaldt ver med litt nedbør først på morgonen, førte til liten aktivitet på fuglen. Det var lite fuglesong å høyre. Det var tydeleg at aktiviteten til fuglen var hemma av det kulsige veret. Ein raudstrupe med reirmaterial hamna i nettet.

Fuglar høyrte eller sett under fangsten, i eller ved CES-området: Gråhegre, krikand, stokkand, toppand, siland, tjeld, vipe, storspove, strandsnipe, fiskemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, linerle, raudstrupe, svarttrast, raudvengtrast, lauvsongar, kjøtmeis, skjor, kråke. Totalt 21 artar registrert. Totalt blei 27 artar registrert i 2011.

Periode 3-2012, 27. mai: Det er fangst om ettermiddagen i denne perioden. Det var solskin og litt vind. Dermed ikkje beste fangstforholda, men ein kvitryggspett-hann hamna i eit av netta. Dette er sjeldnaste arten vi har fanga i regi av CES-prosjektet .

Fuglar høyrte eller sett under fangsten, i eller ved CES-området: Hønsehauk, storspove, strandsnipe, hettemåse, fiskemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, gauk, kvitryggspett, linerle, svarttrast, sivsongar, gulsongar, munk, lauvsongar, granmeis, kråke, bokfink, grønnsisik, gråsisik. Totalt 21 artar registrert. Totalt blei 23 artar registrert i 2011.

Periode 4-2012, 10. juni : Veret var håplaut; overskyt og opp til kuling i kasta.

Fuglar høyrte eller sett under fangsten, i eller ved CES-området: Stokkand, storspove, strandsnipe, fiskemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, låvesvale, taksvale, linerle, raudstrupe, svarttrast, gulsongar, lauvsongar, granmeis, kråke, grønnsisik, bokfink. Totalt 18 artar registrert. Totalt blei 20 artar registrert i 2011.

Periode 5-2012, 19. juni: Var litt småregn ein kort periode, men veret betra seg.

Fuglar høyrte eller sett under fangsten, i eller ved CES-området: Gråhegre, stokkand, toppand, siland, tjeld, vipe, storspove, strandsnipe, fiskemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, låvesvale, fossefall, raudstrupe, svarttrast, munk, lauvsongar, granmeis, blåmeis, kjøtmeis, skjor, kråke, bokfink, brunnsisik, dompap, sivsporv. Totalt 27 artar registrert. Totalt blei 24 artar registrert i 2011.

Periode 6-2012, 22. juni : Ein flott og vindstille morgon. Dagen blei øydelagd fordi ein katt tok ein svarttrast i nettet, ei hoe med aktiv rugeflekk.

Fuglar høyrte eller sett under fangsten, i eller ved CES-området: Gråhegre, stokkand, toppand, siland, tjeld, storspove, hettemåse, fiskemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, gauk, raudstrupe, svarttrast, gråtrast, munk, hagesongar, lauvsongar, granmeis, kjøtmeis, skjor, kråke, brunnsisik, sivsporv. Totalt 25 artar registrert.

Totalt blei 27 artar registrert i 2011 .

Periode 7-2012. 02. juli : Litt regn i lufta, men svært lite nedbør. Lite vind, som auka tuil bris mot slutten av perioden. To kattar kom ut av reservatet ut på morgonen. Ein kan begynne å lure på om resultatet vi får er heilt å stole på, når det aular med kattar i eit reservat, der fuglane faktisk er freda. Kva er vitsen med reservat i slike tilfelle ? Folk har ikkje lov å jakte der, men det er fritt fram for kattar.

Fuglar høyrte eller sett under fangsten, i eller ved CES-området: Gråhegre, storspove,

fiskemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, raudstrupe, svarttrast, raudvengtrast, munk, hagesongar, lauvsongar, kråke, bokfink, brunsisik. *Fuglane på vatnet trekte seg unna, fordi ein båt med laksefiskarar låg på vatnet under heile fangstperioden. Totalt 15 artar registrert.*
Totalt blei 21 artar registrert i 2011.

Periode 8-2012. xx. juli .

Fuglar høyrte eller sett under fangsten, i eller ved CES-området:

Totalt 16 artar registrert i 2011.

Periode 9-2012. xx. juli .

Fuglar høyrte eller sett under fangsten, i eller ved CES-området:

Totalt 18 artar registrert i 2011.

Periode 10-2012. xx.august .

Fuglar høyrte eller sett under fangsten, i eller ved CES-området:

Totalt 18 artar registrert i 2011.

Periode 11-2012. xx.august.

Fuglar høyrte eller sett under fangsten, i eller ved CES-området:

Totalt 20 artar registrert i 2011.

Periode 12-2012. xx. august .

Fuglar høyrte eller sett under fangsten, i eller ved CES-området:

Totalt 10 artar registrert i 2011.

* * * * *

Artar fanga under CES-prosjektet 2008-2011: Rugde, ringdue, heipiplerke, linerle, gjerdesmett, jernsporv, raudstrupe, svarttrast, gråtrast, måltrast, raudvengtrast, hagesongar, munk, gransongar, lauvsongar, gråflugesnappar, svartkvit flugesnappar, stjertmeis, lauvmeis, granmeis, svartmeis, blåmeis, kjøtmeis, spettmeis, trekrypar, bokfink, grønfink, grønnsisik, gråsisik, brunsisik, dompap, sivsporv. Totalt 32 artar fanga.

Talet på individ fanga i CES-området dei ulike åra (ringmerkt eller kontrollert):

2008: 122 individ.

2009: 127 individ.

2010: 111 individ.

2011: 146 individ.

2012: xxx individ..... *Etter det som er fanga hittil i år, tyder denne sesongen på at det kan bli den dårlegaste sidan CES-prosjektet starta opp.*

